

ENDRING AV
REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET KRING UTLØPET AV VAKSVIKELVA
REGULERINGSFØRESEGNER

Prgr. 1 Generelt

1. Føremålet med planen er å avklare bruken av strandområdet kring utløpet av Vaksvikelva, og føre fram veg til området.
2. Planområdet er vist på kart datert 11.02.91 med siste revisjonsdato ~~26.08.91~~.
3. Planområdet er inndelt i områder med fylgjande reguleringsføremål:
 - landbruksområde
 - friområde
 - spesialområde / friluftsområde / elveforbygging
 - offentlig trafikkområde / småbåthavn
 - byggeområde for naust
 - industriområde

Prgr. 2 Landbruksområde

1. Området er føresett nytta til vanleg jordbruk. Det kan ikkje førast opp andre bygningar enn det som er nødvendig for gardsdrift.

Prgr. 3 Friområder

1. Planen viser 2 friområder

Område 1 er føresett nytta til offentlig badeplass. Det er ikkje høve til å føre opp bygningar i dette området.

2. Friområde 2 er føresett oppfylt til ct.2,40 og tilsådd.

Området skal nyttast til leikeplass/teltplass. Det kan ikkje førast opp bygningar i området.

Prgr. 4 Spesialområder

1. Strandflata sør og nord for elveutløpet og langs elva på sørsida er føresett å vere friluftsområde.

Det kan ikkje førast opp bygningar eller gjerast andre terreng-inngrep. Unnateke er nødvendig opprensning av elveløpet.

2. Langs elva på nordsida er eit område med eksisterande elveforbygging. Denne kan i naudsynt omfang utbetrast og vedlikehaldast.

Prgr. 5 Naustområde

På begge sider av vika er der områder med eksisterande naust som inngår i planen.

Det kan også oppførast nye naust som då skal tilpassast dei eksisterande i form og storleik.

Prgr. 6 Offentleg trafikkområde.

1. Planen føreset omlegging av eksisterande kommunal veg frå tunet på gnr.79, bnr.1, og omlag 130 m nedover.
2. Planen føreset bygging av ca.150 m ny veg fram til strandområdet. Vegen vert avslutta med parkeringsplass. Ferdig parkeringsplass skal på det lavaste ligge omlag på ct.2.40.
3. Området for småbåthavn er føresett utmudra til ca.ct..... og massen skal nyttast til vegbygging og oppfylling.

Pgr.7 Industriområde.

1. Området kan nyttast til smoltanlegg , lettare industri, service eller handverksbedrift.
2. I området kan det førast opp bygningar med gesimshøgde inntil 6 m eller monehøgde inntil 9 m på maksimalt 40% av arealet.

Prgr. 7 Felles bestemmelser

1. Mindre vesentlege unntak frå planen og føresegnene kan gjerast av bygningsrådet når særlege grunnar talar for det.
2. Etter at planen med tilhøyrande føresegner er stadfesta, kan det ikkje opprettast privatrettslege avtalar som stir mot planen og føresegnene.

Sjeholt, 11.02.91

